



## Rogaland Sau og Geit

### **Nytt frå Rogaland Sau og Geit, september 2013**

Til lokallaga i Rogaland.

Rogaland Sau og Geit har fått ny sekretær. Det er Berit Pettersen, som til vanleg jobbar som sauerådgiver i Fatland. Ho har vore med i styret tidlegare, og synes det er gildt å væra tilbake i RSG. Berit har også drevet som sauebonde i tjuetre år og vore leiar i Gjesdal Sau og Geit. Ho er levende opptatt av sauene, og er fortsatt med på sauesamling kvart år.

Det er nå blitt haust, og sauene er på vei heim frå heiabeite. Været i sommar har vore betre enn på lenge, og vi håpar at lamma har lagt godt på seg. Det har vore eit utfordrande år med sein vår og øydelagde jorder og beiter. Norsk Landbruksrådgivning har kompetanse på rettleiing innan alternativ føring til sau dersom du har lite grovfôr.

Leiarmøte nærmar seg, det skal vera i Sandnes, 18. og 19. oktober. Der samlas leiarane for både vereringane og Sau og Geit, og det er ein god måte å få innblikk i kva som rører seg i småfearbeidet i fylket. Under **Lokallagets time** ynskjer vi innspel frå kvart lokallag om kva dykk driv med og er opptekne av. Vi setter av 2-3 min. til kvar, og det er fint om du tenkjer gjennom kva du vil seja.

Vi har hatt eit prosjekt om auka bruk av heiabeite, der vi kjøpte 100 radiobjøller frå «Find my sheep». Dei blei utplassert fire stader i fylke, og eigaren kunne sitja heima og følgje bevegelsen til sauene på dataen. Dette systemet går på GPS, og vi er spent på korleis det har fungert i sommar.

Norsk Landbruksrådgivning har i år arrangert fire beitekurs for sau, lokalisiert til Hå, Strand, Årdal og Ombo. Det skal vera tre samlingar og den siste er i månadsskifte sept/okt. Det har vore stor oppslutnad, og vi håpar deltakarane har hatt utbytte av kursa.

Ber alle være nøyne med fot bading og regler som gjelder for kjøp og sal av dyr. Info på [www.fotate.no](http://www.fotate.no)

Vi ynskjer alle ein strålende haust.

Med helsing  
Styret i Rogaland Sau og Geit